

# Protokoll frå styremøte i Språkrådet 20. juni 2019

<i>Til stades</i>	Erik Ulfsby, Trond Trosterud, Jan Erik Knarbakk, Torunn Reksten, Eli Bjørhusdal, Terje Lohndal (vara) og Hege Myklebust (vara)
<i>Frå sekretariatet</i>	Åse Wetås (direktør) og Åsa Kaldhussæter (seniorrådgjevar), Sturla Berg-Olsen (seniorrådgjevar, S 39/19)
<i>Forfall</i>	Björg Nesje Nybø (vara)
<i>Møtestad</i>	DFDS Crown Seaways
<i>Møtetid</i>	12:00–16:00
<i>Møteleiar</i>	Ulfsby
<i>Referent</i>	Kaldhussæter

## **Sakliste**

### Konstituering

S 31/19 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

S 32/19 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 25. april 2019

### Informasjonssaker

S 33/19 Orienteringssaker v/ direktøren (munnleg)

S 34/19 Høyringar

S 35/19 Mediesaker

S 36/19 Frå fagråda

S 37/19 Riksrevisjonens rapport 2018

### Vedtakssaker

S 38/19 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. mai 2019

S 39/19 Normeringssaker

S 40/19 Internt økonomireglement for Språkrådet

S 41/19 Etske reglar for Språkrådet

### Drøftingssaker

S 42/19 Arbeid med strategisk plan for perioden 2020–2024

S 43/19 Språklov og språkmelding

S 44/19 Eventuelt

## **Konstituering**

Direktøren melde frå om ei ekstra vedtakssak som blei delt ut i møtet: S 45/19 Oppnemning av nestleiar i fagrådet for stadnamnsaker. Ho bad om at S 39/19 Normeringsaker skulle handsamast før informasjonssakene.

### **S 31/19 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet**

**Sakspapir:** Saklista 20. juni 2019

**Vedtak:** Innkallinga og saklista er godkjende.

### **S 32/19 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 25. april 2018**

**Sakspapir:** Framlegg til protokoll

**Vedtak:** Protokollen er godkjend.

## **Informasjonssaker**

### **S 33/19 Orienteringssaker**

**Sakspapir:** Ingen

Direktøren orienterte mellom anna om etatsstyringsmøtet 2. mai (referat utdelt), Lovkonferansen 5. juni, nye retningslinjer for Årets nynorskkommune, planane for Språkprisen 2019 og Plainkonferansen i Oslo i september 2019. Styreleiaren orienterte om ein samtale han hadde hatt med statsråden 6. juni om Språkrådets fullmakter i namnesaker.

### **S 34/19 Høyringar**

**Sakspapir:**

1. Innspel til ny universitets- og høgskolelov (innspel til lovutvalet før offisiell høyringsrunde)
2. Innspel til Kulturdepartementets arbeid med dataspelstrategi
3. Høyringsfråsegn om læreplanane i norsk
4. Høyringsfråsegn om pass og nasjonalt ID-kort

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 35/19 Mediesaker**

**Sakspapir:** Notat frå kommunikasjonsseksjonen og medierapport frå Retriver

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 36/19 Frå fagråda**

**Sakspapir:** 1. Referat frå fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning 29.4.2019  
2. Referat frå fagrådet for stadnamn 20.5.2019

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

### **S 37/19 Riksrevisjonens rapport 2018**

**Sakspapir:** Revisjon av årsrekneskapen for Språkrådet 2018 og Riksrevisjonens beretning

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

## **Vedtakssaker**

### **S 38/19 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. mai 2019**

**Sakspapir:** Rekneskapsrapport per 31. mai og taloppstilling

**Vedtak:** Styret tek rekneskapen til etterretning.

### **S 39/19 Normeringsaker**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren og framlegg frå fagrådet for normering og språkobservasjon, samt notat frå seksjonen for språkrøkt og språkrådgjeving

Seniorrådgjevar Sturla Berg-Olsen gjorde greie for sakspapira og styret diskuterte dei ulike framlegga.

**Vedtak:**

- 1 a) Normeringa av dei følgjande substantiva blir justert i bokmål og nynorsk slik tabellen nedanfor viser:

substantiv	noverande norm i nynorsk	noverande norm i bokmål	framlegg til ny norm	
			nynorsk	bokmål
<i>mugg</i> 'muggsopp'	m/n	m/n	m/n	m
<i>mugg</i> 'rusk' og <i>sagmugg</i>	m/n	m/n	m	m

<i>tang</i> 'algar'	m/n	m/n	m	m
<i>vald</i> 'makt'	m/n	–	m	–
<i>voks</i>	m/n	m/n	m	m

(m = hankjønn, n = inkjekjønn)

b) Normeringa av samansetjingar med substantiva nemnde i 1 a)–b) som etterledd skal i kvart tilfelle følgje normeringa av grunnordet.

- 2 Det skal vere valfridom mellom dei følgjande formene i bokmål:

*drit/dritt* (substantiv og adverb)

*drit-/dritt-* (forledd)

- 3 Etter vedtak i styret blir endringane i punkt 1–4 registrerte i Norsk ordbank, kunngjorde på høveleg måte og ved høve oppførte i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*.
- 4 Styret bed direktøren følgja opp korleis avløyserord og ordtilfanget i den nynorske skriftradisjonen blir ivaretatt i revisjonen av handordbøkene.

## **S 40/19 Internt økonomireglement for Språkrådet**

**Sakspapir:** Notat frå administrasjonssjefen, Intern instruks for Språkrådet av 20.06.2019 og KUDs instruks om økonomi og verksemdsstyring

**Vedtak:** Styret vedtar Intern instruks for Språkrådet av 20.06.2019.

## **S 41/19 Ethiske reglar for Språkrådet**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren + *Ethiske regler for statstjenesten*  
(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/etiske-retningslinjer-for-statstjenesten/id88164/sec1>)

**Vedtak:** 1. Språkrådet er eit forvaltningsorgan som skal fremja demokrati og rettstryggleik og stå for fagleg integritet og effektivitet.  
2. «Ethiske regler for statstjenesten» i nyaste versjon utgjer dei etiske retningslinene for Språkrådet.

## **Drøftingssaker**

### **S 42/19 Arbeid med strategisk plan for perioden 2020–2024**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren + Språkrådets strategiske plan 2016–2019

Styret drøfta strukturen og oppbygginga av den nye strategiske planen og er positive til at det blir arbeidd vidare med denne som utgangspunkt.

**Vedtak:** Styret bed Språkrådet om å arbeida vidare med utkast til ny strategisk plan for perioden 2020–2024 med dei føringane styret la for arbeidet.

### **S 43/19 Språklov og språkmelding**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren + dokument med oversikt over sektorpolitiske arbeidsoppgåver

**Vedtak:** Styret bed Språkrådets administrasjon om å ta innspela som kom på møtet med i det vidare arbeidet med innspel til språkmelding. Styret bed vidare om å bli orientert om status for arbeid med språkmeldinga på styremøtet i september.

### **S 44/19 Eventuelt**

Ingen saker under eventuelt.

### **Ekstra vedtakssak**

### **S 45/19 Oppnemning av nestleiar i fagrådet for stadnamnsaker**

**Sakspapir:** Notat frå fagrådssekretær Ellen Hellebostad Toft, delt ut i møtet

**Vedtak:** Styret oppnemner Ivar Berg til nestleiar i fagrådet for stadnamn.

## **Godkjenning**

Protokoll frå møtet 20. juni er godkjend 19. september 2019

Erik Ulfsby

Trond Trosterud

Terje Lohndal

Hege Myklebust

Torunn Reksten

Eli Bjørhusdal

Jan Erik Knarbakk